

Det vert planta og rydda til Nasjonaldagen.

11.05.2017



Helge Naterstad frå kommunen gjer eit viktig arbeid med luking og planting i blomebeddet ved busslomma. ( Arkivfoto )

**Helge Naterstad frå kommunen var i dag på plass for luking og planting i blomebeddet ved busslomma. Det er planta i blomerkrukkene i sentrum og snart vert det same gjort ved Bautasteinen. I kveld er det dugnad på Stemneplassen.**

I Sella Hjørnevåg sit tid vart det gjort eit stort arbeid med planting og luking i blomebeddet ved nedkøyrsla til skulen. Saman med Helge Naterstad såg ho til at alt var på stell med vatning og rydding. Naterstad held fram med dette arbeidet. I dag har han mellom anna planta margerita.



[Slik tek blomebeddet seg ut i dag. Mykje vil stå i blom til 17. mai.](#)

Kvinnherad Vekstbedrift ser til at alt er fint i område ved verksemda. Uskedal utvikling har driftsansvar for plenen ved informasjonstavla og Gamleskulen. SPAR ser til at alt er rydda rundt butikken og på Sandakaaien. Arealet, der revolverkanona står, er fjelga med fin plen og mindre vegetasjon rundt krigsminnesmerke.

Det som skjemmer no, er sundrive og nedfalle gjerde ved busskuret i busslomma. Det er ved fleire høve meldt frå både til MESTA og kommunen i von om at nokon syner ansvar og gjer eit vedlikehaldsarbeid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal